



Svein Rune Nedreås
Hoplandsvegen 165
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8895 - 22/21628

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
15.03.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 315/2 Hopland

Tiltak: Driftsbygning i landbruket
Byggjestad: Gbnr: 315/2
Tiltakshavar: Svein Rune Nedreås
Ansvarleg søkjar: Svein Rune Nedreås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.10.2021.

På grunn av uvanleg stor mengde sakar har handsaminga tatt lenger tid enn ønsket. Vi beklagar ulempene dette måtte medføre.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Snitteikningane kan med fordel vise begge etasjane i driftsbygget (grunnplan og gjødselkjellar) og angi kotehøgde for topp golv.
2. Ber om at plassering av vatn- og avløpsleidningar, samt minireinseanlegg teiknast inn i situasjonskartet jf. SAK10 § 5-4.
3. Det må søkjast om utsleppsløyve før byggesøknaden vert handsama jf. pbl. § 27-2.
4. Det må dokumenterast tilstrekkeleg kvalitet og mengde vatn før byggesøknaden vert godkjent jf. pbl. § 27-1.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan **15.04.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Svein Rune Nedreås
Svein Rune Nedreås

Hoplandsvegen 165
Hoplandsvegen 165

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG